

Delårsrapport for 1. kvartal 2010



Valle Sparebank

Delårsrapport 1. kvartal 2010

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapsrapporten for 2009. Delårsrekneskapsrapporten er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 31.03.10 er forvaltningskapitalen på 1.187,5 mill. kroner. Dette er en auke på 4 mill. kroner, eller 0,3 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 31.03.10 på 983,8 mill. kroner, som er ein vekst på 10,8 mill. kroner, eller 1,1 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 23,6 mill. kroner eller 2,5 % i forhold til 01.01.10.

Innskot

Innskot fra kundar er pr. 31.03.10 på 875,4 mill. kroner, som er ein auke på 51,2 mill. kroner, eller 6,2 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskotta frå kundar dekker 89 % av brutto utlån. På same tid i fjor var tilsvarende forholdstal 84,7 %. Det har vore ein auke i innskot på 9,6 mill. kroner eller 1,1 % sidan 01.01.10.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt visar eit overskot på 2,3 mill. kroner, mot eit overskot på 2,6 mill. kroner på same tid i fjor. Resultatet etter skatt visar eit overskot på 1,6 mill. kroner, mot eit overskot på 1,8 mill. kroner på same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 7,29 mill. kroner, som er 1,13 mill. kroner høgare enn på same tid i fjor. Rentenettoen utgjør 2,51 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,05 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 1,1 mill. kroner, som er ein nedgang på 0,1 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 5,5 mill. kroner mot 4,9 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 3,9 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 3,7 mill. kroner i fjor.

Tap og mislighald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjør ein kostnad på 0,65 mill. kroner, mot ein inntekt på 0,1 mill. kroner på same tid i fjor.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 140,4 mill. kroner ved utgangen av 1. kvartal 2010. Dette gjev ei kapitaldekning på 21,00 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital.

Spesielle kommentarar til resultat og balanse

Det er ingen særskilde merknader eller kommentarar til balanse eller resultat.

Terra Boligkreditt

Banken har formidla bustadlån gjennom Terra Boligkreditt for i alt alt 240,8 mill. kr. Totale utlån medrekna formidla bustadlån utgjør 1 124,6 mill. kr. Utlånsvekst inkl. TBK utgjør siste 12 mnd 5,6%. Utlånsvekst inkl. TBK utgjør i fyrste kvartal 2010 35,6 mill. kr, eller 3,0%.

Utsikter for resten av året

Rentemarginen har synt ei positiv utvikling i siste del av 2009 og fyrste kvartal i år. Norges Bank legg til grunn ein viss renteauke framover. Styret forventar at rentemarginen vil vere under press på grunn av konkurransesituasjonen i bankmarknaden.

Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har teke høgde for låneforfall til og med 2011. Nye likviditetskrav som ein forventar kjem som fylgje av reguleringar etter finanskrisa gjev at styring av likviditetsrisikoen vil ha høg fokus framover.

Realøkonomiske konsekvensar av finansuroa har påverka den generelle risikoen for tap på utlån og kredittar, også for Valle Sparebank. Banken har auka ressursbruken på kredittområdet, og har tett oppfølging av kredittisiko både på engasjementsnivå og for utlånsporteføljen samla. Auka fokus har førebels gjeve resultat i form av at rekneskapsførte nedskrivningar på utlån i rekneskapsperioden er vesentleg lågare enn budsjettert. Styret har budsjettert med utlånstap i inneverande rekneskapsår med basis i Noregs Banks tapsprognosar for norske bankar.


Aktivitetsauken i banken har vore tilfredsstillande, og i tråd med budsjettt så langt. Styret legg til grunn at utsiktene for at utviklinga held fram er gode, men at konkurransen om kundane er hard.

Styret forventar at utviklinga resten av året vil halde fram i same lei som dei tre fyrste kvartala. Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga.


Olav T. Akre
Formann


Jostein Rysstad

Valle, 28. april 2010


Olav Mosdøl
Nestformann

Tora Homme Upstad


Toril Dale

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

			Beløp i heile tusen			
31.03.09	31.12.09	31.03.10	31.03.10	31.12.09	31.03.09	
5,86 %	4,80 %	4,33 %	Renteinntekter og liknande inntekter	12.613	57.498	17.622
3,81 %	2,51 %	1,83 %	Rentekostnader og liknande kostnader	5.319	30.123	11.458
2,05 %	2,28 %	2,51 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.294	27.375	6.164
0,08 %	0,10 %	0,00 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	1.193	241
0,36 %	0,44 %	0,43 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.248	5.243	1.077
0,11 %	0,16 %	0,13 %	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	372	1.925	338
0,06 %	0,10 %	0,07 %	Netto verdiendring og gev/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	213	1.206	192
0,01 %	0,15 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	39	1.781	33
0,40 %	0,63 %	0,39 %	Sum andre driftsinntekter	1.128	7.498	1.205
1,22 %	1,23 %	1,33 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	3.881	14.751	3.659
0,14 %	0,13 %	0,19 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	561	1.538	419
0,28 %	0,27 %	0,35 %	Andre driftskostnader	1.020	3.205	834
1,63 %	1,63 %	1,88 %	Sum andre driftskostnader	5.462	19.494	4.912
0,82 %	1,28 %	1,02 %	Driftsresultat før tap	2.960	15.379	2.457
-0,03 %	0,28 %	0,22 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	652	3.406	-101
0,00 %	0,00 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og gev/tap på verdipapir som er anleggsmidler	0	0	0
0,85 %	1,00 %	0,79 %	Resultat av ordinær drift før skatt	2.308	11.973	2.558
0,25 %	0,32 %	0,23 %	Skatt på ordinært resultat	669	3.885	742
0,60 %	0,67 %	0,56 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	1.639	8.088	1.816

Balanse

Eigedelar

			Beløp i heile tusen		
			31.03.10	31.12.09	31.03.09
Kontantar og fordringar på sentralbankar	14.356	12.346	11.060		
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	14.903	32.716	9.800		
Utlån til og fordringar på kundar	983.763	960.133	972.973		
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-8.833	-8.032	-4.591		
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600		
Netto utlån og fordringar på kundar	972.330	949.501	965.782		
Overtatte eiendeler	0	0	0		
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	111.507	115.480	137.405		
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	46.067	40.485	30.777		
Eigarrinteresser i tilknytta selskap	0	0	0		
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0		
Immaterielle eigedelar	96	425	2.212		
Varige driftsmidler	18.933	19.221	18.182		
Andre eigedelar	3.043	1.854	62		
Forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader og opptente ikkje mottatte inntekter	6.302	6.821	8.224		
Sum eigedelar	1.187.537	1.178.849	1.183.504		

Gjeld og eigenkapital

Gjeld til kredittinstitusjonar	98.497	93.558	109.706
Innskot frå og gjeld til kundar	875.373	865.809	824.181
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	50.818	60.818	95.770
Anna gjeld	8.492	9.290	2.353
Påløpte kostnader og mottatt ikkje opptente inntekter	6.143	2.454	11.170
Avsetningar for påløpte kostnader og skyldnader	4.467	4.541	4.216
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.043.790	1.036.470	1.047.396
Opptent eigenkapital	142.108	142.379	134.292
Udisponert overskot	1.639		1.816
Sum eigenkapital	143.747	142.379	136.108
Sum gjeld og eigenkapital	1.187.537	1.178.849	1.183.504

Betinga skyldnader	44.086	70.338	46.424
Skyldnader	26.862	24.238	23.605

Tap på utlån	31.03.10	31.12.09	31.03.09
Misleghaldne lån:			
Brutto misleghaldne lån:	6.794	5.370	7.279
Netto misleghaldne lån:	6.794	5.370	7.279
Andre tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	43.421	43.231	25.768
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	34.588	35.198	21.177
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskrivning på individuelle utlån og garantiar	800	3.442	0
+ Periodens endring i nedskrivning på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligere år er avsett / nedskriva for	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligere år ikkje er avsett / nedskriva for	0	0	0
- Periodens inngang på tidligere periodars konstaterte tap	148	248	101
Periodens tapskostnader	652	3.194	-101

Kvartalsvis resultatutvikling (Tal i heile tusen)	1.kvartal 2010	4.kvartal 2009	3.kvartal 2009	2.kvartal 2009	1.kvartal 2009
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	12.613	12.734	12.957	14.185	17.622
Rentekostnader og liknande kostnader	5.319	5.154	5.904	7.607	11.458
Netto rente- og provisjonsinntekter	7.294	7.580	7.053	6.578	6.164
Utbytte og andre inntekter av verdipapir	0	634	148	170	241
Prov.inntekter og inntekter fra banktenester	1.248	1.490	1.424	1.252	1.077
Prov.kostnader og kostnader ved banktenester	372	524	507	556	338
Netto vinst/-tap av valuta og verdipapir	213	435	360	219	192
Andre driftsinntekter	39	254	93	1.401	33
Løn og generelle administrasjonskostnader	3.881	4.545	3.032	3.515	3.659
Avskrivningar mv. av varige driftsmidlar	561	280	419	420	419
Andre driftskostnader	1.020	964	735	672	834
Resultat før tap og skatt	2.960	4.080	4.385	4.457	2.457
Tap på utlån, garantiar mv.	652	1.578	591	1.338	-101
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
Skatt på ordinært resultat	669	1.300	1.057	786	742
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.639	1.202	2.737	2.333	1.816

Nøkkeltal	31.03.10	31.12.09	30.09.09	30.06.09	31.03.09
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,51 %	2,28 %	2,20 %	2,13 %	2,05 %
Driftsinntekter	0,39 %	0,63 %	0,58 %	0,62 %	0,40 %
Driftskostnader	1,88 %	1,63 %	1,52 %	1,59 %	1,63 %
Resultat for regnskapsåret	0,56 %	0,67 %	0,77 %	0,69 %	0,60 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	4,68 %	5,68 %	6,86 %	6,23 %	5,48 %
Kostnader i % av totale inntekter	64,85 %	55,90 %	54,81 %	57,93 %	66,66 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst/tap	66,54 %	57,90 %	56,56 %	59,41 %	68,44 %
Tap i % av brutto utlån	0,07 %	0,35 %	0,19 %	0,13 %	-0,01 %
Netto ansvarleg kapital	140.394	139.708	131.235	130.991	130.894
Kjernekapital	140.394	139.708	131.382	131.138	130.894
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	668.470	697.275	665.975	677.288	679.238
Kapitaldekning i %	21,00 %	20,04 %	19,71 %	19,34 %	19,27 %
12 mnd forvaltningsvekst	0,34 %	-3,18 %	4,77 %	5,90 %	6,14 %
12 mnd utlånsvekst	1,11 %	0,95 %	-1,94 %	-1,02 %	2,47 %
12 mnd innskotsvekst	6,21 %	4,95 %	22,82 %	23,82 %	23,10 %
Innskot i % av utlån	88,98 %	90,18 %	88,71 %	88,37 %	84,71 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	1.180.422	1.199.027	1.201.696	1.205.941	1.220.303
Talet på årsverk	14,0	14,0	14,0	14,0	14,0